



Elins matgleder tek no form

**Elin's matgleder er iferd med å ta form og næringsrådgjevar Karin Thauland i kommunen har på kommunens vegne sendt ei anbefaling til Innovasjon Norge med sterk støtte til prosjektet. Ho tilrår på det beste at det får stipend og støtte til investeringa. Thauland skriv mellom anna at Elin Enes er svært godt kvalifisert til å starte verksemda. Ho er kjend i kommunen og har opparbeidd kundekreis allereie.**

Næringsrådgjevaren slår fast at etableringa vil styrkja den småskala matproduksjon som går føre seg i kommunen og opplysar at det med dette prosjektet kan bli skapt 3-4 arbeidsplassar.

Det er nokre få konkurrentar i catering, men Thauland har absolutt tru på at det er ein marknad for alle aktørane. Det er heller ikkje eit gardsutsal i kommunen utover at dei lokale matprodusentane sel eigen produksjon frå bruket.

Etter Thaulands vurdering har prosjektet ein solid økonomisk forankring

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen